



# VESTNES KOMMUNE

## Ad Hoc utval - Skuleutvalet

### **Innkalling til møte i Ad Hoc utval - Skuleutvalet**

Møtestad: Formannskapssalen, Rådhuset,  
Dato: 30.10.2018 Kl.18:00

Dei som er inhabile i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli innkalla, - jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Varamedlemar får særskilt melding når dei skal møte.

Saksdokumenta ligg frå i dag til gjennomsyn i servicekontoret, biblioteket og på heimesidene til kommunen.

Dersom du ikkje kan møte på grunn av lovleg forfall må du snarast melde frå til politisk sekretariat på e-post [silje.sylte@vestnes.kommune.no](mailto:silje.sylte@vestnes.kommune.no), tlf.: 71 18 40 43 eller til servicekontoret på e-post [servicekontoret@vestnes.kommune.no](mailto:servicekontoret@vestnes.kommune.no), tlf.: 71 18 40 05.

Ev. spørsmål til saksutgreiinga kan rettast til administrasjonssjefen før møtet enten på e-post: [tone.roaldsnes@vestnes.kommune.no](mailto:tone.roaldsnes@vestnes.kommune.no), eller tlf. 909 84 000.

ordførar

**Saksliste**

Saksnr	Innhald	Lukka
PS 26/2018	Godkjenning av innkalling	
PS 27/2018	Godkjenning av protokoll frå siste møte	
PS 28/2018	Arbeidsmøte i skuleutvalet 30.10.2018	

PS 26/2018 Godkjenning av innkalling

PS 27/2018 Godkjenning av protokoll frå siste møte



# VESTNES KOMMUNE

## Saksframlegg

Arkiv: 033  
Arkivsaksnr.: 2018/397  
Saksbehandlar: Paul Magne Eidhammer  
Dato: 23.10.2018

### Arbeidsmøte i skuleutvalet 30.10.2018

Utval	Møtedato	Utvalssak
Ad Hoc utval - Skuleutvalet	30.10.2018	28/2018

Agenda for møtet:

- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av protokoll frå sist møtet
- Evaluering av dialogmøta
- Konkretisering av utvalet sitt forslag til skulestruktur
- Involvering av brukargrupper
- Møtedatoar framover

Vedlegg:

1 Notat frå einingsleiar/rektor ved Helland skule

## **Uttale og kommentarar – skulestruktur – dialogmøte 16.10.18**

- Helland skule er i dag 1.-10 skule med 410 elevar.
- **Viktig å halde fram med samla drift av 1.-7.klasse. Kvifor ?**
  - Rekruttere og behalde eit godt fagmiljø
  - Vi ser ein tendens dei siste åra med at yngre arbeidstakarar søker større fagmiljø
  - Om barneskulen blir delt, vil fagmiljøet bli halvert og dette vil gi oss ulike utfordringar:
    - Faglærarar som i dag underviser på fleire klassessteg på barneskulen t.d. spes.ped.lærar, lærar som underviser framandspråklege elevar i norskopplæring og kunst og handverk ikkje lenger kan nyttast på tvers av klassesstega 1.-7.klasse, slik vi gjer i dag.
    - Faglærarar som ønskjer å arbeide i større fagmiljø søker seg til andre kommunar som t.d. Molde, Åndalsnes og på Sunnmøre. Vi konkurrerer i dag med desse kommunane og har tilsette ved Helland skule på skulen som kjem frå nabokommunane.
    - Andre yrkesgrupper på skulen som t.d. fagarbeidrarar arbeider i dag både på skulen og SFO. Dette er positivt fordi:
      - ✓ Dei får høgare stillingsprosent enn om dei berre arbeidde i skulen.
      - ✓ Dei kjenner til elevane gjennom arbeidet i skulen og SFO.
      - ✓ Fagarbeidrarar gjer ein svært viktig jobb. Skal vi behalde denne yrkesgruppa både på skule og SFO så må det vere kortreist sidan SFO startar opp rett etter skuleslutt. Det er i dag over 90 barn på SFO og det trengs flest vaksne i tidsrommet kl.12.45 – 15.00.
      - ✓ Vi har i dag fagarbeidrarar på SFO som arbeider på alle 10 årsstega på skulen. Dette vil vi ikkje greie å halde fram med om t.d. mellomsteget blir flytta til Tresfjord skule.
  - Administrasjonen på Helland skule er i dag grunna romtilgang, på ungdomsskulebygget. Vi ser at det er sårbart når leiinga ikkje er tett nok på lærarar og fagarbeidrarar. Det vil derfor sterkt anbefalast at 1.-7.klasse er på same bygg saman med leiinga. Då vil ein sikre tett samarbeid i kvardagen, noko som er nødvendig for å sikre best mogleg skule for elevane t.d. gjennom utviklingsarbeid, oppfølging av mobbesaker og for å kunne rettleie tilsette i arbeidskvarden.
  - Det er etter vårt syn uheldig om elevar på grunnskulen må bytte skule 3 gonger i løpet av dei 10 åra dei er elev.
  - Elevar på tvers 1.-7.klasse har ulike samarbeidsprosjekt i lag. I dag deltek dei på kvarandre sine arrangement og bygger viktige relasjonar til dei møtast t.d. når 4.klasse skal begynne på mellomsteget er overgangen mindre sidan dei kjenner kvarandre frå før.
  - Økonomi: Vi organiserer elevar i mindre grupper på tvers av årsstega t.d. når dei får norskopplæring. Dette har og ein økonomisk gevinst. Omplassering av lærarar/fagarbeidrarar ved sjukdom, permisjonar m.m. er også eit anna døme på den økonomiske gevinsten.
- **Eigen ungdomsskule**
  - Det er ønskjeleg at ungdomsskulen ligg nært barneskulen, slik det blir muleg å halde fram det gode samarbeidet innan sosial- og fagleg utveksling.
  - Dette er likevel det minst inngripande om ungdomsskulen blir flytta til Tresfjord. Det er ikkje like tett samarbeid mellom barneskulen og ungdomsskulen, som mellom- og småskulesteget.
  - Ved flytting av ungdomsskulen til Tresfjord vil fagarbeidarane der ikkje ha moglegheit til å arbeide på SFO.